



Årsmelding

for

Osterøy Idrottslag
2021

Hovudstyret 2021

Funksjon	Namn	År
Leiar	Ragnhild Balsvik	2021
Nestleiar	Elin Kleppe Fossbakken	2020-2021
Sekretær	Mats-Eirik Elvik	2021-2022
Controllar	Guro Kjelvik Vevle	2021-2022
Styremedlem	Thomas Mosevoll	2020-2021
Varamedlem	Jarle Vik	2021
Varamedlem	Bjarte Lohne	2021

Styremøter

Det er halde 9 styremøte der ca 80 sakspunkter er handsama.

Styret sitt arbeid

Styret har i perioden sidan årsmøtet 2021 og fram til årsmøtet i 2022 blant anna arbeid med følgjande saker:

- Gjennomgang og oppdatering av diverse rutinar.
 - Rutine for drift og vedlikehald av Osterøy Stadion er revidert/oppdatert.
- Inngått avtale med leverandør om ny plattform for heimesida til Osterøy IL. Arbeid med overgang til ny side er starta.
- Inngått avtale med firmaet "Rightperson" for programvare som hjelper til med å ettersørje og lagre politiattestar.
- Vedteke at Teams-løysning via idrettens "min side" skal nyttast av gruppene til arkivering av administrative dokumenter.
- Slutført og vedteke "Etisk vegvisar" for idrettslaget. Arbeidet med informasjon om og implementering av retningslinjene er starta.
- Oppussing av klubbhuset:
 - Det er gjennomført omfattande oppussingsprosjekt av hovudsal, kjøkken og nokre av toaletta. Monica Vevle og Birte Evensen har bidratt sterkt i organiseringa av dette arbeidet. Gruppene har bidratt med god arbeidsinnsats/dugnad. I tillegg har me inngått leigeavtale for nytt AV-utstyr/skjerm i hovudsalen. Prosjektet får økonomisk støtte frå Sparebanken Vest.
- Det er pågåande arbeid med å inngå fleire avtalar om fast utleige av klubbhuset. I tillegg leiges klubbhuset ut til private arrangement.
- Det er gjennomført fellesmøte med alle gruppene (6. Oktober 2021)

Økonomi

Laget sin økonomi vert vurdert av styret som god, trass låneforpliktingar (Fugledalen og ATV for skigruppa). Omsetnaden i 2021 var noko høgare enn i 2020, men aktiviteten var framleis påverka av koronapandemien. Sjølv om trening i stor grad har gått som normalt for

dei fleste grupper, har deltaking i idrettsarrangement og reiser vore lågare enn i eit “normalår”. Stabile inntekter og lågare utgifter (mest grunna korona) er årsaka til at overskotet er monaleg større enn venta.

Sjølv om omsetnaden var lågare i 2021 enn kravet til ekstern revisor skulle tilseia, gjer styret framlegg om å halde fram med engasjert ekstern revisor (Sak 8). Det var god likviditet for gruppene ved utgangen av 2021. Sjå rekneskapen for 2021 i eige dokument.

Medlemstal

	0-5 år	6-12 år	13-19 år	20-25 år	26 år og eldre	Totalt
Kvinner	13	124	114	7	49	307
Menn	3	77	92	30	120	322
Totalt	16	201	206	37	169	629

Medlemsutvikling

	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021
Kvinner	321	326	291	318	281	311	318	307
Menn	359	373	359	339	330	332	333	322
Totalt	680	699	650	657	611	643	651	629

Som ein ser av medlemstala var det ein liten nedgong i tal på medlemmar i 2021. Mest truleg skuldast dette koronasituasjonen og dårleg treningstilbod for enkelte grupper. Ansvarleg for medlemsregisteret er dagleg leiar, men Randi Kleppe gjer framleis ein svært viktig jobb med mykje av det daglege vedlikehaldet. Osterøy IL nyttar Klubbadmin (NIF sitt eige gratis system) til den offisielle statistikken.

Æresemblem

Desse er æresmedlem i OIL pr 20.03.2022:

	Fødd:	Utnemnd:
Karl Johan Reigstad	13.08.1944	2011
Øyvind Litland	21.03.1947	2011
Marta Ingunn Rongved	09.02.1932	2017
Vidar Simmenes	19.04.1948	2018
Jørgen Varden	03.05.1942	2017

Nemndene sine årsrapportar:

Rapport frå banenemnda for 2021

Osterøy stadion friidrett	Osterøy stadion gras	Kunstgrasbane
Vidar Simmenes	Thomas Mosevoll	Eivind Solberg
Tore Hannisdal	Christian Veвле	Svein Lohne
Fleire har mindre oppdrag	Vidar Simmenes	Thomas Mosevoll (støtte)
	Arnbjørn Veвле	Christian Veвле (støtte)

Banenemnda sitt oppdrag er å halda Osterøy stadion og Kunstgrasbana ved Osterøy stadion i så god stand som mogeleg ut frå dei midlar som er stilt til rådvelde.

Grasbana:

I 2021 har det vore mindre idrettsaktivitet enn det ein skulle ønska. Her er det ein kombinasjon av dårleg vêr/sein vår, tidspunkt for slåing og det at logistikken i fotballgruppa ikkje alltid har gått opp. Bana har blitt lufta ein gong, sanddressa ein gong og resådd ein gong. I tillegg til dette har det blitt gjødsla og slått regelmessig gjennom sesongen. Vatningsanlegget har Vidar teke seg ekstra av og det har stort sett fungert tilfredsstillande.

Idrettsrådet fordelte tilskot stort kr 170 000,- frå Osterøy kommune og dette er eit heilt avgjerande bidrag for å få drifta anlegget. Traktor og utstyr har stort sett fungert godt gjennom året. Det meste av er gras køyrt til gjenbruksstasjonen på Hauge dette året. Ordninga fungerer tidvis, men sidan oppdraga vert styrt av veret har det innimellom vore vanskeleg for friidrettsgruppa å få folk til å stilla. Det er òg ei utfordring at ein treng bil med tilhengarfeste for jobben.

Trykkaukepumpa til vatningsanlegget rauk på våren og denne måtte skiftast til ein uføresett kostnad på over kr 40000,- Det er kjøpt inn to stk 7-ar mål som er tenkt brukt på graset sesongen. På hausten var det demonstrasjon av robotklippar og dette er under vurdering for innkjøp til 2022.

Friidrettsdelen

Friidrettsdelen har blitt rehabilitert i 2020 og det har difor vore lite vedlikehald òg i 2021. Grunna bruk og tilstand er vask av friidrettsdekket utsett til 2022.

Kunstgrasbane ved Osterøy stadion

Kunstgrasbana vert regelmessig horva om sommaren og brøyta etter behov om vinteren. Mål og anna utstyr går ein over og reparerer når det trengst. På vårparten blei bana reinsa og i haust vart alle silane i slukane reinsa.

Tore Johan Langeland
Leiar banenemnd Osterøy stadion

Rapport om Basketballaktivitet

Basketaktiviten har som det meste vore råka av koronasituasjonen. Likevel har det blitt ein ganske stabil gjeng på i underkant av 10 stk 8-9 åringar som trenar jamleg i hallen 1-2 ettermiddagar i veka.

Det er Mantas Buinauskas som har hovudansvaret for treningane og han har stor innsikt og kompetanse i sporten. Gjengen har fått god omtale i lokalavisa Bygdanytt og dei har òg vore på Easy-Basket turnering.

Rapport om aktivitet Spretten/Stjernelaget

Aktiviteten i Stjernelaget har dessverre vore svært prega av koronasituasjonen, men ein har klart å ha noko aktivitet i gong i hallen og ute på faste treningstider, men det er litt for få aktive med. Det er ei utfordring med trenarkrefter rundt og dei som har hatt ei rolle er Kari Solberg, Asle Markussen, Janne Stamnes, Ørjan Kleppe og Martin Nessestrand Mjøs. Laget har vorte tilgodesett med ei ganske stor tilleggsøyving frå Idrettsrådet sine koronapengar sidan gruppa er heilt i målgruppa. Dette gir rom for eit godt aktivitetsår i 2022.

Gruppene sine årsmeldingar følgjer som vedlegg

Årsmelding for Fotballgruppa 2021

Årsmelding for Skigruppa 2021

Årsmelding for Handballgruppa 2021

Årsmelding for Friidrettsgruppa 2021

Årsmelding for Turngruppa 2021